



Møre og Romsdal
fylkeskommune

-Ein tydeleg medspelar


Strategi 1.0 for Fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal

Prosjektleiar Oddbjørn Vassli



27.10.2017

Kunnskapsgrunnlag

Grunngiving for prosjektet



Manglar 4000 statlege arbeidsplassar for å kome på landsnittet!



Kvifor er vi komne dit vi er?

- **Konsekvensar**

- Vi overfører pengar frå Møre og Romsdal for å skape 4.000 statlege arbeidsplassar i andre delar av landet
- Vi går glipp av ei statleg «innsprøyting» på 2 mrd. årleg til fylket vårt

- **Problemet er ikkje av ny dato**

- Sidan 2009 har M&R fått over 1200 nye statlege arbeidsplassar – relativt sett heilt likt med landet

- **Nokre hypotesar:**

- Vi er verdiskapingsfylket og eksportfylket
- Statlege arbeidsplassar er ikkje «ordentlege» arbeidsplassar her i fylket?
- Interne lokaliseringsstridar innan fylket har tatt fokus frå å få ting til fylket
- Vi manglar ein «storby» - regionhovudstad
- Manglar vi ambisjonar om at nasjonale funksjonar kan ivaretakast frå Møre og Romsdal?
- Blir vi hemma av utdanningsnivå og manglande akademisk tradisjon på veg inn i kunnskapssamfunnet?

Kva problem søkjer vi løysing for?

Problem A

- Manglar 4.000 statlege arbeidsplassar i høve til snittet for andre fylke

Problem B

- M&R har tapt 5-6.000 arbeidsplassar etter 2014 som det tek tid å erstatte
- Over 5 % arbeidsledige i enkeltkommunar
- Har pt nest lågaste befolkningsvekst blant fylka
- Har lenge hatt underskot av yngre kvinner som bla. skyldast einsidig næringsliv

Løysing A

- Ein meir rettvis del av dei statlege arbeidsplassane til M&R

Løysning B

- M&R treng vekstimpulsar
- M&R treng fleire arbeidsplassar
- M&R treng meir robuste og allsidige lokale arbeidsmarknader
- M&R treng at regjeringa brukar aktiv fordeling av statlege arbeidsplassar til fylket for å utvikle meir allsidige og robuste arbeidsmarknader
- M&R har attraktive byar/tettstader og kompetent arbeidskraft å tilby

Regjeringas retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Fastsett ved kgl.res. 2811.2014

- Ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle **robuste arbeidsmarknader** i alle delar av landet
- Lokalisering av statleg tenesteproduksjon som i størst mogleg grad sikrar befolkninga i alle delar av landet **god tilgang til statlege tenester**
- At nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak blir **lokaliserte utanfor Oslo**
- At **kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing** vert inkludert i vurderinga av lokaliseringalternativ



Formelle krav

- Ved nyetableringar – minst tre alternativ bør vurderast
- Ved omlokaliseringar – eksisterande regionstruktur skal vurderast

Særskilt om lokaliseringspolitikken

Ved oppretting av nye eller ved omlokalisering av statlege verksemder, skal det leggjast vekt på lokalisering i regionale sentra der verksemnda har størst potensial for å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og breidde.

Fire arbeidsmarknad-/pendlingsregionar



| | Folketal | Arbeidspl. | Statlege | Del statlege | Arb.ledige* |
|----------------------------|------------------|------------------|----------------|--------------|--------------|
| Eiksundregionen | 48 188 | 22 080 | 1 357 | 6 % | 3,5 % |
| Ålesundsregionen | 96 889 | 48 128 | 4 481 | 9 % | 2,1 % |
| Moldere regionen | 65 303 | 31 400 | 3 280 | 10 % | 2,4 % |
| Kristiansundsregionen | 55 894 | 25 206 | 1 490 | 6 % | 2,6 % |
| Sum Møre og Romsdal | 266 274 | 126 814 | 10 608 | 8 % | 2,5 % |
| Sum landet | 5 258 317 | 2 591 904 | 297 875 | 11 % | 2,5 % |

*) Sept. 2017 NAV

Kjelde: SSB
Attraktive byar og tettstader. M&Rfylke

Kva moglegheiter har vi framover?



- Regional stat vil tilpasse seg regionene

POLITIKK. Regional stat skal tilpasse seg den nye regionstrukturen, lovet kommunalminister Jan Tore Sanner (H) KS' landsstyre i dag.



Kommunalminister Jan Tore Sanner (H) og KS-leider Gunn Marit Helgesen (H) på landsstyremøtet til KS. Sanner sa at det vil være store og små regioner også etter denne reformen, på samme måte som det vil være store og små kommuner. (Foto: Terje Lien)

Vekst innanfor eksisterande statlege verksemder var den viktigaste årsaken til endringane som har skjedd i lokalisering av statlige arbeidsplassar i perioden 2006-2010. Kjelde: Difi

Dei største statlege verksemdene i fylket

| Syssette i statleg forvaltning etter verksemd, 2014 | |
|---|--------------|
| Verksemd | Tal syssette |
| Helseforetaket | 6 600 |
| NAV | 609 |
| Politi | 505 |
| Kystverket | 370 |
| Vegvesen Region Midt | 353 |
| Høgskolen i Volda | 333 |
| NTNU | 249 |
| Skatt Midt Norge | 233 |
| BUF etat | 210 |
| Høgskolen i Molde | 192 |
| Fylkesmannen | 143 |
| Andre | 811 |
| Totalt syssette i statleg forvaltning | 10 608 |

Forankring

Fylkeskommunen

- Fylkestinget april 2016: «Å få lokalisert fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal vil vere eit sentralt tema i Fylkesplan 2017-2020.
- Fylkesutvalet hausten 2016: «Fylkesutvalet vil at det skal utarbeidast ein eigen strategi for arbeidet med å etablere fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal.
- Det er sett av 1 mill. årleg til arbeidet i 2017-2019

Mørebenken og Regionråda

- Fellesmøte 18. juli 2017 mellom Mørebenken, leiar og dagleg leiar i regionråda og politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen

Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt

- Plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Samarbeidspartnarar


- Fylkeskommunen
- Regionråda – og kommunane
- Fylkesmannen
- Mørebenken
- Dei statlege verksemdene i fylket
- NAV

Strategi 1.0

Ambisjonar og mål

Kva er ambisjonane våre og tidsperspektivet?

- Auke delen statlege arbeidsplassar frå 8 % mot 12 %
- Eit bestemt tal nye statlege arbeidsplassar kvart år
- I fylkesplanperioden 2017-2020, eller utover 2020



Forslag:

- A. Del statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal bør vere på nivå med dei andre regionane i landet – pt. 12 %
- B. Møre og Romsdal treng - i etterkant av «oljepriskorreksjonen» der fylket mista 5-6.000 arbeidsplassar i privat sektor med etterfølgjande låg befolkningsvekst - ei ekstraordinær tilførsel av statlege arbeidsplassar fram mot 2020 for å styrke og skape meir mangfald i dei regionale arbeidsmarknadene
- C. For å halde fokus på utfordringa og arbeidet, skal det lagast halvårlege rapportar om arbeidet med og utviklinga av dei statlege arbeidsplassane i fylket i prosjektperioden

Innsatsområde

Alternativ

- Utflytting frå Oslo
- Etablering av nye statlege verksemder
- Regionreformen
- Vekst og endring i eksisterande verksemder
- Auka del av statleg finansierte Fol-arbeidsplassar

Etableringar utanfor Oslo

Regional stat

Endringar i ekst. verksemder

Forskningsarbeidsplassar

Forslag:

- A. På kort sikt treng Møre og Romsdal tilførsel av nye statlege arbeidsplassar gjennom utflytting frå Oslo eller tildeling av nyetablerte statlege verksemder. Kvar gong slike avgjerder skal takast, bør lokalisering til Møre og Romsdal vere eit av tre alternativ som blir utgreidd og vurdert
- B. Møre og Romsdal legg til grunn at regional stat blir tilpassa dei nye regionane – og at hovudregelen blir at statlege etatar skal vere lokalisert i alle regionane
- C. Inntil Møre og Romsdal har nådd eit lik del av statlege arbeidsplassar med dei andre regionane, bør endringar i statlege verksemder allereie lokalsert til vårt fylke bidra til styrking når det skjer intern vekst og omorganiseringar
- D. Møre og Romsdal vil arbeide for at fleire statlege finansierte Fol-arbeidsplassar og forskingsmiljø i større grad blir skapt i og lokalisert til vårt fylke

Interne køyrereglar

Når ein arbeider for fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal, er det andre som avgjer, og oftast er ein i konkurranse med andre regionar og interessantar som har motsett interesse som oss. Vi treng derfor felles og forutsigbare køyrereglar internt for å stå samla og sterkt utad.




Forslag:

- A. I dette arbeidet legg ein til grunn at Møre og Romsdal har fire regionale arbeidsmarknader/ pendlingsregionar, og at i dei fleste tilfelle er det regionsenteret som er mest aktuell for lokalisering av statlege arbeidsplassar
- B. Alle dei fire regionane i fylket treng tilførsel av statlege arbeidsplassar for å kome på «landsnivå», men behovet er aller størst i Kristiansundregionen og Eidsundregionen
- C. Alle relevante partar må delta i eit «skippertak» for å kompensere Kristiansundregionen for tapet av fleire hundre statlege arbeidsplassar som følgje av nedlegging av sjukehuset i Kristiansund våren 2022
- D. I kampen om lokaliseringar der det normalt berre er landsdelssentra som deltek, vil Møre og Romsdal fremje Ålesund sitt kandidatur med snart 100.000 innbyggjarar i regionen
- E. Det skal ikkje brukast tid på intern flytting av statlege arbeidsplassar i fylket. Allereie etablerte statlege verksemder veks som hovudregel best der dei i dag er lokaliserte

Partnerskapet

Skal ein lukkast med å styrke dei regionale arbeidsmarknadene i fylket med fleire statlege arbeidsplassar, må mange aktørar dra i lag i same retning. Dei viktigaste aktørane i dette partnerskapet er:

- **Fylkeskommunen** – regional utviklingsaktør
- **Fylkesmannen** – regjeringa sin representant i fylket og samordnar av statleg verksemd i fylke
- **Mørebenken** – fylkets valte representantar til Stortinget
- **Regionråda** – samordnar av utviklingsarbeidet over kommunenivået i sine regionar



Handlingsplan 1. halvår 2018

| | | | |
|------------|---------------|------------------|-----|
| Ut av Oslo | Regional stat | Ekst. verksemder | Fol |
|------------|---------------|------------------|-----|

Fellestiltak

- Tiltak mot sentrale styresmakter og aktører
 - Tiltak mot regionale aktører

Prioriterte saker

| | | | |
|---------------------------------------|---|-----------------------------|---|
| Utdannings- direktoratet, Molde | Plan og prioritering for lokalisering av statlege etatar for regional tilpassing avklarast i løpet av 2018 | Campus Kristiansund | Helseinnovasjons- senteret, Kristiansund |
| Ferjekontor | | Helfo, Ørsta | Forskning Helse Møre og Romsdal HF |
| Landbruksdir., Tingvoll | | Interne nasjonale senter | |

Til observasjon

| | | | |
|--|--|-----------------------------|---------------------------|
| Løn-/rekneskap politiet, Kristiansund | | Lånekassa, Ørsta | Forskingsmiljøa våre |
| | | Øvrige campusar | Nofima, Sunndal |
| | | Helse Møre og Romsdal HF | NORSØK/NIBIO, Tingvoll |

Intern arbeidsfordeling

| Ut av Oslo | Regional stat | Ekst. verksemder | Fol |
|---|---|--|---|
| Utdanningsdirektoratet, Molde ROR/Molde | Prioritering av statlege etatar for regional tilpassing avklarast i løpet av 2018 Prosjektlear | Campus Kristiansund Eige prosjekt | Helseinnovasjons-senteret, Krsund Orkidé/Kr.sund |
| Ferjekontor Samf.avd./prosjektlear | | Helfo, Ørsta SRR/Ørsta | Forsking Helse Møre og Romsdal HF Prosjektlear |
| Landbruksdirektoratet, Tingvoll Orkidé/Tingvoll | | Interne nasjonale senter Prosjektlear | |
| Til observasjon | | | |
| Løn- og rekneskapskontor politiet, Krsund Orkidé/Kr.sund | | Lånekassa, Ørsta SR/Ørsta | Forskingsmiljøa våre Prosjektlear |
| | | Øvrige campusar Prosjektlear | Nofima, Sunndal Orkidé/Sunndal |
| | | Helse Møre og Romsdal HF Prosjektlear | NORSØK/NIBIO, Tingvoll Orkidé/Tingvoll |

Prosjektet

Prosjekteigarar: Fylkesutvalet

Prosjektansvarleg: Bergljot Landstad

Prosjektleiar: Oddbjørn Vassli

Prosjektgruppe:

Eivind Vartdal Ryste, Møre og Romsdal fylkeskommune

Jan Kåre Aurdal, Sunnmøre Regionråd

Britt Rakvåg Roald, Romsdal Regionråd

Ellen Engdahl, Orkidé

Vigdis Rotlid Vestad, Fylkesmannen

Nettverk: Partnerskapet, statlege leiarar i fylket, NAV, ordførarar/rådmenn, Fol-miljøa, ressursar i fylkeskommunen, regionråda, næringsfora, NHO m.fl.

Prosjektside:

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling/Prosjekt-statlege-arbeidsplassar>

